

Naustdal kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 08.12.2014
Møtestad: Naustdal kommunehus, **Merk: møterom 1. etasje**
Møtetid: Kl. 08:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sak 30 og 31, forvaltningsrevisor i sak 32 og 33

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

- o Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
028/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/14	Skriv og meldingar
030/14	Prosjektrekneskap - oppfølging
031/14	Fylkesmannen: Tilsyn ved Naustdal barne og ungdomsskule 2014
032/14	Forvaltningsrevisjon innan pleie og omsorg med fokus på leiging, sjukefråvær og økonomistyring - statusrapport
033/14	Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2014
034/14	Reglement for kontrollutvalet med reglement for høyring
035/14	Budsjett for drift av kontrollutval
036/14	Oppfølgingsliste 4 - 2014
037/14	Eventuelt

Med helsing

Randi Elvebakk Reiakvam
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 028/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/234
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 029/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 14/236
---	-------------------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.11.2014	Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon	978

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Dato: 28.11.2014

Vår referanse: 14/804

Arkiv: FE-007

**Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon
Frå Etikkonferansen 2014**

Klipp frå KS sine nettsider den 28.11.14 med ein artikkel som var publisert 25.11.14. Vi legg dette notatet ved som informasjon under skriv og meldingar i kontrollutvala. [Her finn du lenke til Etikportalen der du finn meir om emnet.](#)

Beskytt kommunen! Etikkonferansen 2014

25.11.2014

[f](#) [t](#) [in](#) [e](#) [Skriv ut](#) [Tips](#)

På etikkonferansen 2014 ble det lansert en ny versjon av "Beskytt kommunen!", en håndbok i antikorrupsjon. Flere innledere bidro til et rikholdig og bredt program på konferansen.



- Et godt etisk immunforsvar angår oss alle, men vi som politiske ledere har et særskilt ansvar, sa kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Statsråden fikk overrakt håndboken personlig, av nestleder i KS, Bjørn Arild Gram.

- Å styrke lokaldemokratiet er noe av det viktigste arbeidet KS gjør, og da er det helt vesentlig at innbyggerne har høy tillit til de folkevalgte.

Et godt samarbeid

- Vi ønsker oss at etiske dilemmaer bør diskuteres høyt og tydelig på alle arbeidsplasser, sa Guro Slettmark, som leder Transparency International.

Organisasjonen jobber for "en verden fri for korrupsjon" og har siden 2011 etablert et nettverk for 40 kommuner og fylkeskommuner i samarbeid med KS. På Etikkonferansen 2014 ble noen av resultatene fra samarbeidsprosjektet presentert, deriblant en fornyet utgave av "Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon".

Håndboka henvender seg til folkevalgte, ledere, ansatte og tillitsvalgte i kommuner og fylkeskommuner og gir gode råd for hvordan jobbe aktivt med å forebygge, avdekke og håndtere korrupsjon.

Mange innledere bidro til et rikholdig program på konferansen, og flere av presentasjonene kan hentes frem nedenfor her.

Eksempelbank

Det er også laget en eksempelbank "Korrupsjonsfaren i kommuner –sårbarhet, verktøy og metoder" som oppsummerer noen erfaringer og råd om korrupsjonsforebyggende arbeid fra kommuner og fylkeskommuner som har deltatt i KS og TI's korrupsjonsforebyggende nettverk 2013- 2014. Her gis eksempler på sårbarhet og risikoområder i kommunene, beskrivelse av forebyggende tiltak og systemer, samt verktøy for holdningsskapende aktiviteter. Det gis også noen anbefalinger om hva ledelsen/kommunens administrative ledelse kan gjøre. Kommunene må selv etablere sine systemer og fastsette nivå og mål for eget arbeid.

KONTAKTPERSONER FOR DENNE SAKEN

[Spikkeland, Lise](#) Lokaldemokrati og kommuneøkonomi
Lise.Spikkeland@ks.no

SENTRALE LENKER OG DOKUMENTER

-  [Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon](#)
-  [Korrupsjonsfaren i kommuner](#)
-  [Bjørn Arild Gram Tillit til lokaldemokratiet](#)
-  [Alexandra Bech Gjerv Korrupsjon i kommunene](#)
-  [Tor Dølvik Hva har kommunene lært oss?](#)
-  [Erik Amnå Tillitens gränser](#)
-  [Helge Eide 2600 kommunalt eide selskaper](#)

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418

ah@sekom.no

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 030/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 14/255
---	-------------------------------------	-------------------------------

Prosjektrekneskap - oppfølging

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.10.2014	Investering og manglande framlegging av prosjektrekneskap	617
10.10.2014	VS: Prosjektrekneskap - informasjon til revisjon og kontrollutvalet	644
07.11.2014	Sluttrekneskap for investeringsprosjektet.docx	645
07.11.2014	Prosjekt - oversikt.docx	646

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

...

Saksutgreiing:

Vi viser til kontrollutvalet sine uttalar til kommunerekneskapen dei siste åra og til oppfølgingslista. Manglande prosjektrekneskap har vore etterlyst over fleire år.

Revisor har også etterspurd oppfølginga av prosjektrekneskap gjennom fleire år, og omtalt manglane i revisjonsmeldinga. Vi legg ved kopi av brev av 30.9.14 og rådmannen sitt svar på dette datert 10.10.14. Som vedlegg til rådmannen sitt svar, er det også eit oversyn over utgifter og finansiering fordelt på ulike prosjekt. Det er også lagt ved ei oversikt over prosjekta og kven som har ansvaret internt i kommuneadministrasjonen for å presentere prosjektrekneskap.

Eit klipp frå rådmannen sitt svar av 10. oktober:

Tidlegare i haust fekk vi nye oppdatering frå rekneskapskontoret for utgifter på prosjekta fram til august 2014. Vi drøfta dette på ny og har laga ein ny framdriftsplan der dette skal leggjast fram før nyttår saman med nye retningslinjer. Kommunestyret har forutsett at nye prosjektretningslinjer skal (sak 007/14) skal ferdigstillast dette i 2014. Arbeidet pågår no.

Naustdal kommune
v/rådmann
Boks 43
6806 Naustdal

Kopi: Kontrollutvalet

Dykkar ref.:

Vår ref. :

F:N.dr.middel 14

Arkivkode :

216

Journalnr. :

025/2014

Dokumentdato:

30.09.2014

INVESTERING OG MANGLANDE FRAMLEGGING AV PROSJEKTRKESKAP – NAUSTDAL KOMMUNE.

Revisjonen har gjennom fleire år etterspurt prosjektrekneskap for ferdigstilte investeringsprosjekt i Naustdal kommune. I 2013 vurderte vi mangel på framlegging av prosjektrekneskap som så vesentleg, at forholdet vart teke inn i revisjonsmeldinga som eit atterhald.

Per i dag kan vi ikkje sjå å ha motteke ferdigstilte investeringsprosjekt i Naustdal kommune for revisjon.

Revisjonen ber om å få førelagt følgjande:

- Oversikt over prosjekt som er under arbeid i Naustdal kommune, med opplysning om tidspunkt for forventta ferdigstilling.
- Oversikt over ferdigstilte prosjekt, med opplysning om kor tid desse er berekna levert til revisjon, før vidare politisk handsaming, ref. til Naustdal kommune sitt eige regelment..

Vi ber om snarleg tilbakemelding på ovannemnde.

Førde, 30. september 2014


Kari Håheim Sygna

Kommunerevisor I

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller

57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;

- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt mobil: 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobil: 47 65 50 93

Fra: Øyvind Bang-Olsen
Sendt:
Til:
Kopi:
Emne: VS: Prosjektrekneskap - informasjon til revisjon og kontrollutvalet

Fra: Øyvind Bang-Olsen
Sendt: 10. oktober 2014 11:22
Til: Arnar Helgheim; 'terje.forde@kryssrevisjon.no'
Emne: VS: Prosjektrekneskap - informasjon til revisjon og kontrollutvalet
Vedlegg: Sluttrekneskap for investeringsprosjektet.docx; Prosjekt - oversikt.docx

[Viktig at de også får denne.](#)

Fra: Øyvind Bang-Olsen
Sendt: 10. oktober 2014 09:20
Til: 'postmottak@kryssrevisjon.no'; Kari Sygna
Kopi: 'randi.elvebakk.reiakvam@eninvest.net'; 'elin.schei.stuhaug@sfj.no'; 'j-ol-be@online.no'; 'oystein@garfors.no'; 'ingekall@hotmail.com'; Terje Guddal; Rolf Kalland
Emne: Prosjektrekneskap - informasjon til revisjon og kontrollutvalet

Vi viser til dykkar brev av 30. september.

Kommunestyret (mars 2014) peika på dette under si handsaming av årsrapport for kontrollutvalet for 2013 og i sak for retningslinjer av prosjekter (høvesvis sak 005/14 og 007/14). Rådmann fekk kritikk under handsaming av saka for manglande oppfølging.

Når kommunen handsama rekneskap for 2013 i sak 037/14 vart avvik på investeringsrekneskap vist for

kvart prosjekt. Sak om inndekning skal leggjast fram på eit seinare tidspunkt. Kommunen har årleg gjort finansieringsvedtak for å handtere avvik på investeringsprosjekt. Dette vil vi også gjere i 2014. Denne praksis gjer at avvik årleg har vorte handtert.

Men dette er likevel mangelfult i forhold til gjennomføring av kommunestyret sine retningslinjer for avslutning av prosjekt og såleis eit alvorleg brot på kommunen sine interne reglar. Kommunestyret skal ha informasjon om prosjektgjennomføring og gjere vedtak i kvar sak.

Rådmann bad før sommarferien 2013 rekneskapskontoret å utarbeide ny samla rekneskapsrapport for prosjekta som ikkje på det tidspunktet ikkje var avslutta (29 prosjekter). Arbeidet med avslutning av prosjekta og finne fram grunnlaga informasjon om dei vart fordelt i administrasjonen på det tidspunkt

Med bakgrunn i den økonomiske situasjon hausten 2013 måtte rådmann utsetje tilsettingar (kommunalsjef for helse og omsorg) og la stillingar stå vankant i sentrale administrative funksjonar der vi hadde sjukemelding (kommunalsjef for oppvekst og seksjonsleiar for teknisk drift). Vi klart ikkje å fullføre dette i 2013.

Tidlegare i haust fekk vi nye oppdatering frå rekneskapskontoret for utgifter på prosjekta fram til august 2014. Vi drøfta dette på ny og har laga ein ny framdriftsplan der dette skal leggjast fram før nyttår saman med nye retningslinjer. Kommunestyret har forutsett at nye prosjektretningslinjer skal (sak 007/14) skal ferdigstillast dette i 2014. Arbeidet pågår no.

Til denne e-posten legg vi ved det interne opplegg for fordeling av prosjekta, samt disposisjon for arbeidet.

Vi sier oss lei for at dette har kome opp på nytt.

Øyvind Bang-Olsen
Rådmann

Kommentar:

Kva som er gjennomført, vesentlege endringar undervegs og eventuelle avvik. Eventuelt referanse til sak med oppstart/slutføring

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		Rekneska
NAS, ut-/ombygging	Budsjett	p
Byggetenester		948 520
Inventar og utstyr		101 921
Konsulenttenester		100 186
Andre utgifter		37 183
Meirverdiavgift		274 444
Fondsavsetning		2 816 054
Sum utgifter	0	4 278 308
Statlege overføringer		-3 107 400
Bruk av lån		-1 170 908
Sum finansiering	0	-4 278 308

2005 - 2006

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Vassleidning Lonene - Horstadvatn	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	2 650 000	2 166 149
Konsulenttenester	50 000	29 980
Sum utgifter	2 700 000	2 196 128
Bruk av lån	-2 700 000	-2 196 128
Sum finansiering	-2 700 000	-2 196 128

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2004	2 700 000
Sum	2 700 000

2004 – 2006

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
Kloakkrensaneanlegg Naustdalsneset		
Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	5 000	
Leige av driftsmidler	5 000	
Byggetenester	2 175 000	2 012 659
Andre tenester (som inngår i egenproduksjon)	50 000	24 602
Grunnerverv	65 000	32 000
Meirverdiavgift		47 241
Sum utgifter	2 300 000	2 116 502
Bruk av lån	-2 300 000	-2 116 502
Sum finansiering	-2 300 000	-2 116 502

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2004	2 300 000
Sum	2 300 000

2005 – 2005

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
Eigedomsskatt		
Overføringar til private		1 863 113
Sum utgifter	0	1 863 113
Bruk av lån		-1 863 113
Sum finansiering	0	-1 863 113

2004

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
Asfalt sentrum 2004		
Byggetenester		701 971
Meirverdiavgift		106 507
Sum utgifter	0	808 478
Interne overføringar		-33 977
Overføringar frå andre (Eigedomsskatt)		-765 051
Bruk av fond		-9 450
Sum finansiering	0	-808 478

2004-2005

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
Breiband anleggsbidrag		
Investeringsutgifter	3 543 000	3 681 000
Meirverdiavgift		920 250
Sum utgifter	3 543 000	4 601 250
Bruk av lån	-3 543 000	-3 463 500
Overføringar frå fylkeskommunen		-1 137 750

Sum finansiering	-3 543 000	-4 601 250
------------------	------------	------------

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2005	300 000
Årsbudsjett 2007	1 770 000
Årsbudsjett 2008	650 000
Budsjettendring 2008	515 000
Budsjettendring 2009 - inndekking meirforbruk	308 000
Sum	3 543 000

2004 – 2009

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:	Budsjett	Rekneskap
Vevring skule rehabilitering		
Byggetenester	9 500 000	7 110 514
Inventar og utstyr		384 796
Lønsutgifter		142 000
Andre utgifter		5 600
Meirverdiavgift		1 862 559
Sum utgifter	9 500 000	9 505 469
Bruk av lån	-9 500 000	-9 415 194
MVA-kompensasjon		-90 274
Sum finansiering	-9 500 000	-9 505 469

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2005	4 647 000
Budsjettendring 2005	-4 647 000
Årsbudsjett 2007	4 647 000
Budsjettendring 2007	-4 647 000
Årsbudsjett 2008	7 000 000
Budsjettendring 2008	2 500 000
Sum	9 500 000

2005-2012

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:	Budsjett	Rekneskap
Gardsbøen trinn 1 og 2		
Byggetenester	20 826 935	15 536 876
Grunnerverv		1 395 030
Kjøp av tenester frå andre		1 576 293
Inventar og utstyr		294 433
Lønsutgifter		138 211
Andre utgifter		43 471
Meirverdiavgift		4 186 988
Sum utgifter	20 826 935	23 171 301
Bruk av lån	-20 826 935	-20 986 082
Statlege overføringar		-2 175 600
MVA-kompensasjon		-9 619
Sum finansiering	-20 826 935	-23 171 301

Oversikt over vedtak:	Løyving
-----------------------	---------

Årsbudsjett 2005	9 800 000
Årsbudsjett 2007	16 200 000
Budsjettendring 2007	-6 000 000
Budsjettendring 2010 - inndekking meirforbruk	792 600
Budsjettendring 2012 - inndekking meirforbruk	34 335
Sum	20 826 935

2005-2011

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
IKT-nett ved skulane		
Inventar og utstyr	1 000 000	803 724
Kjøp av tenester	463 000	387 368
Andre utgifter		64 400
Meirverdiavgift	137 000	292 620
Sum utgifter	1 600 000	1 548 112
Bruk av lån	-1 592 000	-1 532 194
MVA-kompensasjon	-8 000	-15 918
Sum finansiering	-1 600 000	-1 548 112

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2007	1 000 000
Årsbudsjett 2008	396 000
Budsjettendring 2008	-396 000
Årsbudsjett 2009	400 000
Årsbudsjett 2010	200 000
Sum	1 600 000

2005-2011

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
VA-anlegg Ospeteigen - Vatn		
Byggekostnad	1 614 300	899 431
Lønsutgifter og internkjøp	200 000	64 744
Sum utgifter	1 814 300	964 175
Bruk av lån	-1 714 300	-948 216
Refusjonar	-100 000	
Intern overføring		-15 959
Sum finansiering	-1 814 300	-964 175

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2006	700 000
Årsbudsjett 2007	470 000
Årsbudsjett 2008	200 000
Budsjettendring 2009 - inndekking meirforbruk	444 300
Sum	1 814 300

2006-2009

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:
--

VA-anlegg Ospeteigen Avlaupsdel	Budsjett	Rekneskap
Byggekostnad	1 937 500	1 610 012
Lønsutgifter og internkjøp	200 000	92 041
Sum utgifter	2 137 500	1 702 053
Bruk av lån	-2 037 500	-1 579 169
Refusjonar	-100 000	-122 883
Sum finansiering	-2 137 500	-1 702 053

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2006	700 000
Årsbudsjett 2007	830 000
Årsbudsjett 2008	400 000
Budsjettendring 2009 - inndekking meirforbruk	207 500
Sum	2 137 500

2006-2009

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
Horstad barnehage		
Byggetenester	794 200	508 346
Lønsutgifter		141 740
Inventar og utstyr		66 231
Andre utgifter		9 635
Meirverdiavgift		138 447
Sum utgifter	794 200	864 399
Statstilskot	-794 200	-1 167 605
Bruk av lån		308 827
MVA-kompensasjon		-5 620
Sum finansiering	-794 200	-864 399

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2009 - inndekking meirforbruk	794 200
Sum	794 200

2006-2011

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Budeia	Budsjett	Rekneskap
Kjøp av tenester frå andre	502 900	541 119
Byggetenester		413 081
Inventar og utstyr		68 000
Materiale		14 342
Meirverdiavgift		250 386
Sum utgifter	502 900	1 286 928
Bruk av lån	-373 000	-372 928
Overføringar frå andre	-129 900	-815 400
Overføringar frå fylkeskommunen		-80 000

MVA-kompensasjon		-18 600
Sum finansiering	-502 900	-1 286 928

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2009 - inndekking meirforbruk	494 000
Budsjettendring 2012 - inndekking meirforbruk	8 900
Sum	502 900

2007-2012

Rekneskap pr. 26.06.2013 for investeringsprosjektet:		
Vassforsyning Mallasvik-Sæle	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	8 500 000	3 760 276
Konsulenttenester		1 130 556
Kjøp av tenester frå staten		500 000
Meirverdiavgift		30 281
Sum utgifter	8 500 000	5 421 113
Bruk av lån	-8 500 000	-5 148 225
Sum finansiering	-8 500 000	-5 148 225
Utgifter 2013, ikkje finansiert		272 887

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2007	1 000 000
Årsbudsjett 2008	1 500 000
Årsbudsjett 2009	3 000 000
Årsbudsjett 2010	3 000 000
Sum	8 500 000

2007-2013

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Utskifting PCB-armatur	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	1 167 200	896 845
Konsulenttenester		43 318
Meirverdiavgift		227 013
Sum utgifter	1 167 200	1 167 176
Bruk av lån	-1 167 200	-1 167 176
Sum finansiering	-1 167 200	-1 167 176

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2007	100 000
Budsjettendring 2009	100 000
Budsjettendring 2009 - inndekking meirforbruk	868 500
Budsjettendring 2010 - inndekking meirforbruk	98 700
Sum	1 167 200

2007-2010

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:
--

	Budsjett	Rekneskap
Kunstgrasbane		
Byggetenester	1 133 400	2 934 095
Maskiner		175 604
Utbetaling av spelemidler		632 000
Andre utgifter		8 473
Meirverdiavgift		777 953
Sum utgifter	1 133 400	4 528 125
Bruk av lån	-1 133 400	-1 164 668
Overføring frå Fylkeskommunen - spelemidler		-632 000
Overføringer frå andre		-2 730 152
MVA-kompensasjon		-1 305
Sum finansiering	-1 133 400	-4 528 125

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2009 - inndekking meirforbruk	938 500
Budsjettendring 2010 - inndekking meirforbruk	194 900
Sum	1 133 400

2007-2012

Løkentunet

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Løkentunet	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	83 500	2 553 373
Meirverdiavgift		96 811
Fondsavsetting		122 930
Sum utgifter	83 500	2 773 114
Overføringer frå private		-2 689 624
Bruk av fond	-83 500	-83 490
Sum finansiering	-83 500	-2 773 114

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2008	400 000
Budsjettendring 2008	-400 000
Budsjettendring 2010 - inndekking meirforbruk	83 500
Sum	83 500

2008-2010

Rekneskap pr. 24.06.2013 for investeringsprosjektet:			
	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Ombygging kommunehuset			
Byggetenester	3 710 400	2 921 899	
Inventar og utstyr		252 998	
Lønsutgifter		70 000	
Andre utgifter		92 483	
Meirverdiavgift		804 828	
Sum utgifter	3 710 400	4 142 208	-431 808
Bruk av lån	-3 710 400	-3 346 844	

Statlege overføringar		-700 000	
MVA-kompensasjon		-15 864	
Sum finansiering	-3 710 400	-4 062 707	352 307
Sum avvik			-79 501
Kr. 79.501,- utgiftsført 2013, ikkje avslutta			

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2008	1 700 000
Budsjettendring 2008	-1 700 000
Årsbudsjett 2009	400 000
Budsjettendring 2009	3 310 400
Sum	3 710 400

2008-2013

Rekneskap pr. 26.06.2013 for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
Opprusting bruer		
Materiale og byggetenester	4 646 000	3 016 795
Andre utgifter		140 197
Meirverdiavgift	90 000	527 080
Sum utgifter	4 736 000	3 684 071
Bruk av lån	-2 932 000	-1 898 071
MVA-kompensasjon	-18 000	
Statleg tilskot	-1 786 000	-1 786 000
Sum finansiering	-4 736 000	-3 684 071

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2008	500 000
Årsbudsjett 2009	2 000 000
Budsjettendring 2009	1 786 000
Årsbudsjett 2010	450 000
Sum	4 736 000

2008-2012

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
Rampen Ungdomsklubb		
Byggekostnad	357 496	455 309
Inventar og utstyr		24 885
Andre utgifter		9 444
Meirverdiavgift		120 975
Sum utgifter	357 496	610 612
Bruk av lån	-357 496	-503 839
MVA-kompensasjon		-24 493
Refusjon frå Staten		-1 280
Overføring frå kommunar		-77 000
Overføring frå andre		-4 000

Sum finansiering	-357 496	-610 612
------------------	----------	----------

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2009	350 000
Budsjettendring 2012 - inndekking meirforbruk	7 496
Sum	357 496

2009-2012

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Brannstasjon/toalett Sanden	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	898 482	812 307
Inventar og utstyr		66 958
Materiale		22 420
Konsulenttenester		59 455
Andre utgifter		3 588
Meirverdiavgift		230 285
Sum utgifter	898 482	1 195 014
Bruk av lån	-898 482	-1 048 619
Overføringer frå fylkeskommunar		-90 000
MVA-kompensasjon		-56 395
Sum finansiering	-898 482	-1 195 014

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2009	650 000
Budsjettendring 2012 - inndekking meirforbruk	248 482
Sum	898 482

2009-2010

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Maskinpark 2009	Budsjett	Rekneskap
Kjøp av maskiner	1 500 000	1 199 500
Meirverdiavgift		299 875
Sum utgifter	1 500 000	1 499 375
Bruk av lån	-1 500 000	-1 499 375
Sum finansiering	-1 500 000	-1 499 375

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2009	1 500 000
Sum	1 500 000

2009

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Kjøp av eigedom frå Audstein Erdal	Budsjett	Rekneskap
Kjøp av eksisterande bygg og anlegg	2 564 000	2 564 048
Andre utgifter	79 000	78 878

Sum utgifter	2 643 000	2 642 926
Bruk av lån	-2 643 000	-2 642 926
Sum finansiering	-2 643 000	-2 642 926

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2009	2 630 000
Budsjettendring 2010 - inndekking meirforbruk	13 000
Sum	2 643 000

2009-2010

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Asfalt nyanlegg 2010	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	1 172 000	1 051 703
Meirverdiavgift	293 000	164 070
Sum utgifter	1 465 000	1 215 772
Bruk av lån	-1 406 400	-1 182 958
MVA-kompensasjon	-58 600	-32 814
Sum finansiering	-1 465 000	-1 215 772

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2010	1 465 000
Sum	1 465 000

2010

Rekneskap pr. 24.06.2013 for investeringsprosjektet:			
Naustdal kyrkjegard, Reiskapshus	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Byggetenester	1 540 000	1 639 017	
Kjøp av tenester frå andre		24 000	
Meirverdiavgift	310 000	408 254	
Sum utgifter	1 850 000	2 071 271	-221 271
Bruk av lån	-1 754 000	-1 850 000	
MVA-kompensasjon	-96 000	-181 019	
Sum finansiering	-1 850 000	-2 031 019	181 019
Sum avvik			-40 252
Kr. 20.302,- rekneskapsmessig meirforbruk 2012			
Kr. 19.950,- utgiftsført 2013, ikkje avslutta.			

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2010	700 000
Årsbudsjett 2011	850 000
Budsjettendring 2012	300 000
Sum	1 850 000

2009-2013

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Musikkbinge	Budsjett	Rekneskap

Inventar og utstyr	196 008	43 405
Byggetenester		156 967
Kjøp av tenester frå andre		225 656
Meirverdiavgift	20 000	106 368
Sum utgifter	216 008	532 396
Bruk av lån	-212 008	-216 008
MVA-kompensasjon	-4 000	-45 387
Tilskot		-271 000
Sum finansiering	-216 008	-532 396

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2010	100 000
K-sak 088/12 - inndekking meirforbruk investering	52 965
Budsjettendring 2012 - omdisponering av lånemidlar	63 043
Sum	216 008

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Rehabilitering kommunale vegar 2010	Budsjett	Rekneskap
Material- og byggekostnad	1 200 000	1 175 582
Andre utgifter		98 799
Meirverdiavgift	300 000	186 973
Sum utgifter	1 500 000	1 461 355
Bruk av lån	-1 440 000	-1 414 237
MVA-kompensasjon	-60 000	-47 117
Sum finansiering	-1 500 000	-1 461 355

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2010	1 500 000
Sum	1 500 000

2010 – 2012

Rekneskap pr 26.06.2013 for investeringsprosjekta:		
Rehabilitering kommunale vegar	Budsjett	Rekneskap
Materiell- og byggeutgifter	5 610 000	4 228 923
Konsulenttenester		135 000
Internkjøp		664 274
Transport og drivstoffutgifter		106 479
Andre utgifter		47 681
Meirverdiavgift	840 000	608 201
Sum utgifter	6 450 000	5 790 558
Bruk av lån	-6 174 000	-5 140 000
MVA-kompensasjon	-276 000	-271 850
Sum finansiering	-6 450 000	-5 411 850
<u>Utgifter som ikkje er finansiert</u>		<u>378 708</u>

Kr. 19.808,39 ført som rekneskapsmessig meir forbruk 2012
Kr. 358.899,50 utgifter 2013

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2010	1 500 000
Årsbudsjett 2011	2 700 000
Årsbudsjett 2012	800 000
Budsjettendring 2012	200 000
Årsbudsjett 2013	1 250 000
Sum	6 450 000

2010-2013

Rekneskap pr. 24.06.2013 for investeringsprosjektet:			
Prosjektstyring ny barnehage	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Investeringsutgifter	881 637	303 077	
Kjøp av tenester		924 488	
Meirverdiavgift	50 000	181 877	
Sum utgifter	931 637	1 409 441	-477 804
Bruk av lån	-230 000	-250 000	
Refusjonar	-681 637	-925 000	
MVA-kompensasjon	-20 000	-84 869	
Sum finansiering	-931 637	-1 259 869	328 232
Sum avvik			-149 572
Kr. 64.124,- rekneskapsmessig meirforbruk 2012			
Kr. 85.448,- utgiftsført 2013, ikkje avslutta.			

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2011	250 000
Budsjettendring 2012 - inndecking meirforbruk	681 637
Sum	931 637

2011 – 2012

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Tomt barnehage 2011	Budsjett	Rekneskap
Grunnerverv	2 050 000	1 950 000
Kostnad ved taksering		3 220
Sum utgifter	2 050 000	1 953 220
Bruk av lån	-2 050 000	-1 953 220
Sum finansiering	-2 050 000	-1 953 220

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2011	2 050 000
Sum	2 050 000

2011

Rekneskap pr. 24.06.2013 for investeringsprosjektet:

Naustdal Stadion byggesteg 2	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Byggetenester		1 229 806	
Kjøp av tenester frå andre	500 000	11 502	
Meirverdiavgift		310 327	
Sum utgifter	500 000	1 551 634	-1 051 634
Bruk av lån	-500 000	-500 000	
MVA-kompensasjon		-188 160	
Refusjonar frå private		-487 750	
Sum finansiering	-500 000	-1 175 910	675 910
Sum avvik			-375 724
Kr. 334.482,- rekneskapsmessig meirforbruk 2012			
Kr. 41.242,- utgiftsført 2013, ikkje avslutta.			

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2012	500 000
Sum	500 000

2012 – 2013

Rekneskap pr. 25.06.2013 for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
Friskhus planlegging		
Investeringsutgifter inkl. mva	500 000	1 113 471
Bruk av lån	-460 000	-937 680
MVA-kompensasjon	-40 000	-130 127
Sum finansiering	-500 000	-1 067 807
Ikkje finansiert		45 665

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2011	500 000

2011-2013

Rekneskap pr. 25.06.2013 for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
Generelt vedlikehald VA		
Byggetenester	1 300 000	648 725
Konsulenttenester		106 375
Fordelte utgifter		160 000
Sum utgifter	1 300 000	915 100
Bruk av lån	-1 300 000	-896 375
Sum finansiering	-1 300 000	-896 375
Ikkje finansierte utgifter 2013		18 725

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2011	500 000
Årsbudsjett 2012	800 000
Sum	1 300 000

Prosjekt	Periode	Ansvar
NAS, ut-/ombygging	2005-2006	Kjell
Vassleidning Lonene - Horstadvatn	2004-2006	
Kloakkrenseanlegg Naustdalsneset	2005	Harald
Horstad barnehage	2004-2007	Rolf
Asfalt sentrum 2004		Harald
Breiband	2005-2009	Kjell
Vevring skule rehabilitering		Rolf
Gardsbøen		Kjell
IKT nett ved skulane	2005 - 2011	Robert
VA-anlegg Ospeteigen - Vatn		Harald
Eigedomsskatt		Per Kr.
Budeia		Ann Lisbeth
Vassforsyning Mallasvik Sæla		Harald
Utskifting PCB-armatur		Harald
Kunstgrasbane	2007-2012	Rolf
Løkentunet	2008-2010	Kjell
Ombygging kommunehuset	2008-2013	Rolf
Opprusting bruer	2008-2012	Annlaug
Rampen Ungdomsklubb	2009-2010	Rolf
Maskinpark 2009		Harald
Kjøp av eigedom frå Audstein Erdal		Annlaug
Asfalt nyanlegg 2010	2010	Annlaug
Naustdal kyrkjegard, Reiskapshus		Rolf

Musikkbinge		Ann Lisbeth
Rehabilitering kommunale vegar	2010-2013	Annlaug
Prosjektstyring ny barnehage		Rolf
Tomt - barnehage		Annlaug

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 031/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 14/335
---	-------------------------------------	-------------------------------

Fylkesmannen: Tilsyn ved Naustdal barne og ungdomsskule 2014

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
26.11.2014	Fylkesmannen tilsynsrapport Naustdal barne- og ungdomsskule 2014	944
26.11.2014	Tilsyn med Naustdal kommune 2014 -svarbrev. (L)(74994).pdf	945
26.11.2014	Retting av lovbrøt ferdig (L)(74980).pdf	946
26.11.2014	internkontrollsystem -Naustdalskulen revidert 19.11.14 (L)(74995).pdf	947
26.11.2014	Årshjul for oppfølging av opplæringslova - 9a (L)(74996).pdf	948
26.11.2014	Spesialundervisning - rutingar og årshjul (L)(74997).pdf	949
26.11.2014	Vedteken mal for enkeltvedtak etter opplæringslova 9a-3 (L)(74998).pdf	950
26.11.2014	vedteken mal for enkeltvedtak spesialundervisning (L)(74999).pdf	951
26.11.2014	program for fagdag 19 11 14 (L)(75000).pdf	952
26.11.2014	Førebuing til fagdag opplæring (L)(74871).pdf	953
26.11.2014	opplæring høsten 2014 - handout (L)(74872).pptx	954
26.11.2014	UTDRAG FRÅ HANDLINGSPROGRAMMET 2015 vedrørande skule (L)(75001).pdf	955
26.11.2014	samfunnsdelen_høyringsdok_polhandsama_1610 (L)(74875).pdf	956
26.11.2014	Forsendelsesinformasjon - FM BEST-20141124-151610 (L)(74983).html	957
26.11.2014	Bekreftelse fra mottaker - FM BEST-20141125-135335 (L)(75042).html	958

NB! Vedlegga er samla i eit eige hefte som du finn saman med saklista på SEKOM si nettside: www.sekom.no: Kontrollutval - Innkalling Naustdal

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

...

Saksutgreiing:

Etter avtale med leiaren i kontrollutvalet, vert denne saka sett på sakskartet. Rådmannen vert kalla inn for å informere og svare på spørsmål.

Sekretariatet legg ved både sjølv rapporten frå Fylkesmannen og Naustdal kommune sitt svar av 23. november med vedlegg.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 032/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 14/179
---	-------------------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjon innan pleie og omsorg med fokus på leiing, sjukefråvær og økonomistyring - statusrapport

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

...

Saksutgreiing:

Etter prosjektplanen, skulle rapport frå denne forvaltningsrevisjonen vore klar til handsaming i dette møtet. Klipp frå prosjektplan som vart godkjent den 21.5.14:

Milepælar i prosjektet

1. Formell oppstart av forvaltningsrevisjonen med innkalling til oppstartsmøte, gjennomføring av møtet, og etterarbeid etter møtet, m.a.o. skrivning av møtereferat og avklaring av tingingsdokumentet. Mai/juni
2. Innsamling av dokumentasjon for vidare analyse. Juni/august
3. Skrivefasen i september.
4. Rapportutkastet med høyringsrunde. Oktober.
5. Etterarbeid etter høyringsrunde.
6. Oversending av endeleg rapport til kontrollutvalet i Naustdal. November.
7. Evt møtedeltaking i samband med handsaming av rapporten.

Forvaltningsrevisor har meldt tilbake at det har gått meir tid enn venta før det har vore mogeleg å få inn data i prosjektet. Tilbakemelding pr e-post den 11. november:

God morgon Arnar

Vil opplyse deg om at det ikkje er mogleg å få ferdig ein rapport til 01.desember for Naustdal.

Sendte førespurnad om dokumentinnsamlingsmøte til rådmannen den 15. okt, og i tilsvar fekk eg tilsvar på at kommunen kunne stille med dei personane naudsynt for datafangsten den 18. november. Det medfører at det ikkje er mogleg å få levert innan fristen. Det er mellom anna 14 dagars høyringsfrist på våre høyringsutkast.

Beklagar dette og voner dette ikkje medfører store logistiske problemer for Dykk.

Mh

Charles Litsheim

Vi har avklara med revisor at han likevel kan delta på kontrollutvalet for å orientere om framdrifta og gi førebels informasjon om funn.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saknr 033/14
---	-------------------------------	------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 14/303
---	-------------------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar følgjande forvaltningsrevisjon: Sakshandsaming, vedtak og svargjeving.

1. Revisjonen vert avgrensa til enkeltvedtak innan seksjon plan, næring, teknikk i 2014.
2. Følgjer kommunen forvaltningslova og offentleglova?
 - Er sakshandsaming, vedtak og svargjeving i tråd med gjeldande regelverk?
 - Vert vedtak og svar forma på ein måte som gjer dei klare og enkle å forstå?
3. Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på neste møte i kontrollutvalet.
4. Frist for rapport frå prosjektet: 1. mai 2015.

...


Saksutgreiing:

Rapport frå prosjekt om «Gjennomgang av pleie og omsorg» skulle etter vedteken prosjektplan vore ferdig til handsaming i dette møtet. Som det går fram av eiga sak, er dette noko forseinka. Sekretariatet legg likevel opp til at det vert valt nytt prosjekt no, slik at det framleis skal vere mogeleg å få dette levert før valperioden er ute.

Sekretariatet si tilråding følgjer prioriteringa i plan for forvaltningsrevisjon. Vi minner likevel om at dette blir det siste revisjonsprosjektet i inneverande valperiode. Kontrollutvalet har fullmakt til å endre prioritering eller legge til nye prosjekt. Prioriteringa vart vedteken i kommunestyret den 19. september 2013, sak 43/13:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Naustdal kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgende prioritering av prosjekt:
 1. Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring.
 2. Sakshandsaming, vedtak og svargjeving i sektor for Landbruk, teknikk og miljø.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Henta frå Naustdal kommune sine nettsider, 1.12.14:



I avgrensinga av prosjektet, tilrår sekretariatet at det vert nytta dei same omgrepa som i organisasjonskartet, slik at det vert ei mest mogeleg eintydig avgrensing. I planen er det vist til «Landbruk, teknikk og miljø», noko som skulle svare til «seksjon plan, næring, teknikk». Sidan revisjonsprosjektet kjem til å gå føre seg i første halvår 2015, meiner sekretariatet det er naturleg å nytte ferskast mogeleg informasjon og såleis avgrense til vedtak i 2014.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 034/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 14/302
---	-------------------------------------	-------------------------------

Reglement for kontrollutvalet med reglement for høyring

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
12.11.2014	Framlegg til reglement for Naustdal kontrollutval	820
12.11.2014	Framlegg til reglement for høyringar i kontrollutvalet på nynorsk	819
18.08.2014	Høyringar i kontrollutvalet	297

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

1. Framlegg til reglement for Naustdal kontrollutval datert 12.11.2014, vert vedteke.
2. Framlegg til reglement for høyringar i kontrollutvalet datert 12.11.2014, vert vedteke.

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til kontrollutvalssak 25/14 den 25. august der det vart gjort følgjande vedtak:

1. *SEKOM-sekretariat utarbeider framlegg til reglement for høyring i kontrollutval.*
2. *Rettleiar for høyringar frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT) vert lagt til grunn.*

Saksutgreiing, tilråding og vedtak er lagt ved denne saka. Her er [lenke til rettleiaren](#) som Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) har utarbeidd.

Sekretariatet har arbeidd vidare ut frå vedtaket i sak 25/14. Dette inneber at vi har omsett utkastet til reglement som låg ved rettleiaren frå FKT til nynorsk. I dette arbeidet, har vi hatt som utgangspunkt at vi ikkje skulle endre det reelle innhaldet i reglementet. Vi legg ved FKT sitt utkast på bokmål.

Sekretariatet har også hatt ein gjennomgang av reglement for kontrollutval i dei 15 kommunane som vi følgjer opp. Tanken er at reglementa skal vere oppdaterte til gjeldande lovverk før valet. Etter avklaring med leiaren for kontrollutvalet, legg vi difor fram ei samla sak med:

- Reglement for kontrollutvalet
- Reglement for høyringar i kontrollutvalet

I 2011 og 2012, gjorde mange av kommunane vedtak om nye reglement for kontrollutvala. Desse var laga etter same mal og med nokså små innbyrdes ulikskapar og kan med små endringar vere aktuelt som reglement også for Naustdal. Eit viktig prinsipp som nyleg er endra er at kontrollutvalet sine møte er opne medan det tidlegare var lukka om ein ikkje bestemte noko anna. (Kommunelova sine reglar gjeld sjølv sagt sjølv om ikkje ordlyden i det lokale reglementet er endra).

Dato: 12.11.2014
Vår referanse: 14/698
Arkiv: FE-033, Komnr-1433

Framlegg til reglement for Naustdal kontrollutval

Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

§ 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til kommunen, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal vere eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

§ 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemar. Det skal veljast minst 3 varamedlemar. Minst ein av medlemane skal veljast blant kommunestyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar jf kommunelova § 17.

Ved val av medlemar og varamedlemar skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggest vekt på å få medlemar og varamedlemar med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller

bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jf kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til kommunestyret.

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Kommunestyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følgje kommunelova sørgje for at følgjande oppgåver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje uttale til årsrekneskapa for kommunen og sjå til at revisor og kommunestyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggest fram for kommunestyret. Utvalet skal rapportere resultatane av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørgje for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret skal sørgje for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til kommunestyret.

Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemmane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemar.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggest til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemene, varamedlemene, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen og sekretariatet.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse , telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen eller tilsett i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Rådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

§ 5 Møte- og talerett

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som kommunen eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

§ 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller kommunestyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Kommunestyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine oppgåver

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for at innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og kommunestyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for kommunestyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

§ 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet kan evaluere revisjonsordninga og tilpasse denne til lovmessige krav og kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov. Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar

Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418
ah@sekom.no

Dette framlegget er ei omsetjing frå bokmål til nynorsk av reglement som ligg i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin «Veileder for høyringer i kontrollutvalgene». Ved sidan av omsetjing, er det gjort små endringar. [Sjå FKT sine nettsider.](#)

Dato: 12.11.2014
Vår referanse: 14/697
Arkiv: FE-033, Komnr-1433

Framlegg til reglement for høyringar i kontrollutvalet på nynorsk (FKT sitt framlegg på bokmål er vedlegg)

§ 1. Verkeområde og føremål

1. Kontrollutvalet kan halde høyringar innan sitt ansvarsområde. Med høyring vert meint eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bedne om å møte for å få belyst ei spesiell sak eller eit saksområde.
2. Føremålet med reglementet er å sikre kontrollutvalet og kommunestyret sitt informasjonsbehov i kontroll saker og ei god framdrift i høyringa, samtidig som omsynet til dei innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
3. Kontrollutvalet sine høyringar skal haldast i tråd med dette reglementet.

§ 2. Førebuing av høyring

1. Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal bestemme at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal bestemme at heile eller deler av høyringa skal vere lukka. Avgjerda om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må grunngjevast med gyldig lovheimel.
2. Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet ha ein forventning om kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.
3. Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilde saksførebuaende møte. Kontrollutvalet bør gå gjennom dei problemstillingane som ein ønskjer å belyse, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som er naudsynt å innhente for gjennomføringa. Vidare bør det fastsetjast ein framdriftsplan for høyringa.
4. Under dei saksførebuaende møta bestemmer kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudutspørjar under høyringa, jf § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudutspørjar, også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemar. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka allsidig belyst.

§ 3. Den innkalla si stilling

1. Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan kallast inn direkte for å møte i høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og gjevast høve til å vere til stades. Spørsmål stillast direkte til den innkalla, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.
2. Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

3. Den som kallast inn / inviterast til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogeleg. Innkallinga skal opplyse om den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglement skal leggest ved. Det skal vidare opplysast om at høyringa skal vere open, og om at det skal skrivast referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument med mindre reglar om unnatak frå offentleg innsyn / teieplikt tilseier noko anna.
4. Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få forklare seg heilt eller delvis for lukka dører. Dersom eit slikt spørsmål kjem opp, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.
5. Den innkalla skal ha høve til å peike ut ein person som vedkomande møter saman med. Den innkalla har rett til å konferere med denne personen før svar på spørsmål. Dersom møteleiar gir høve til dette, kan også denne personen supplere forklaringa til den innkalla. Dersom den som møter saman med den innkalla krev honorar, må dekking av slike utgifter avklarast på førehand.

§ 4. Gjennomføring av høyringa

1. Kontrollutvalet sin leiar skal innleiingsvis orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Leiaren ser til at spørsmåla held seg innanfor det tema som er oppgitt, og at den innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
2. Før kontrollutvalet startar utspørjinga, skal den innkalla gjevast inntil 10 minutt til å gi sin versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i den grad det vert sett på som naudsynt for å opplyse saka.
3. Høyringa vert innleia med at den valde hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølge dei ber om dette. Etter at utspørjinga er ferdig, skal den innkalla gjevast høve til å gi ein kort sluttkommentar.
4. Meiningsutveksling mellom kontrollutvalet sine medlemar skal ikkje finne stad under høyringa. Medlemene skal heller ikkje kommentere dei svar som vert gjevne, anna enn der dette går inn som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmande åtferd eller spørsmål er ikkje tillate. Dette skal påtalast av møteleiar.
5. Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa vert avbroten for at kontrollutvalet skal behandle den vidare framdrifta, inkludert framlegg om at høyringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører. Kontrollutvalet kan berre ta mot teiepliktbelagde opplysningar for lukka dører. Under open høyring må kontrollutvalet sine medlemar ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

§ 5. Etterarbeid

1. Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, jf koml § 77 nr 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.
2. Rapporten vert send over til kommunestyret for slutthandsaming, med innstilling frå kontrollutvalet.

Forum for kontroll og tilsyn (FKT): Vedlegg til «Veileder for høringer i kontrollutvalgene» (bokmål):

Reglement for høringer i kontrollutvalget

§ 1. Virkeområde og formål

1. Kontrollutvalget kan avholde høringer innenfor sitt ansvarsområde. Med høring menes et møte i kontrollutvalget der en mottar muntlige forklaringer fra personer som er anmodet om å møte for å få belyst en spesiell sak eller et saksområde.
2. Formålet med reglementet er å sikre kontrollutvalgets og kommunestyrets informasjonsbehov i kontrollsaker og en god fremdrift i høringen, samtidig som hensynet til de innkaltes rettssikkerhet ivaretas.
3. Kontrollutvalgets høringer skal avholdes i henhold til dette reglementet, som er vedtatt av kommunestyret i sak

§ 2. Forberedelse av høring

1. Kontrollutvalget kan med vanlig flertall beslutte at det skal avholdes høring i en kontrollsak, og hvem som skal kalles inn for å møte. Høringen skal i utgangspunktet være åpen, men kontrollutvalget kan likevel med vanlig flertall beslutte at hele eller deler av høringen skal være lukket. Beslutning om helt eller delvis å gjennomføre høringen for lukkede dører må begrunnes med gyldig lovhjemmel.
2. Kontrollutvalget må klart definere formålet med høringen og hva utvalget forventer å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalget ha en forventning om hvilken lærdom som kan trekkes ut av høringen kontra bruk av andre virkemidler.
3. Før høringen gjennomfører kontrollutvalget særskilte saksforberedende møter. Kontrollutvalget bør gjennomgå de problemstillinger som ønskes belyst, med sikte på å gjøre utspørringen mest mulig effektiv. Utvalget må også ta stilling til hvor mye bakgrunnsinformasjon som er nødvendig å innhente for gjennomføringen. Videre bør det fastsettes en fremdriftsplan for høringen.
4. Under de saksforberedende møter beslutter kontrollutvalget hvem som skal velges som hovedutspørrer under høringen, jf. § 4 tredje ledd. Kontrollutvalget kan i tillegg til hovedutspørrer også velge flere utspørrere blant utvalgets medlemmer. Valget av hovedutspørrere bør skje ut fra hensynet til å få saken allsidig belyst.

§ 3. Den innkaltes stilling

1. Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høring. Andre ansatte i kommunen kan innkalles direkte for å møte til høring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varsles, og gis adgang til å være til stede. Spørsmål stilles direkte til den innkalte, men rådmannen skal gis adgang til å supplere forklaringen om ønskelig.
2. Eksterne aktører kan inviteres til å møte til høring for å gi opplysninger.
3. Den som kalles inn/inviteres til å møte til høring, skal varsles i så god tid som mulig. Innkallingen skal angi den eller de saker kontrollutvalget ønsker forklaring om. Kopi av dette reglement skal vedlegges. Det skal videre opplyses om høringen skal være åpen, og om det skal tas referat. De som møter skal ha tilgang til kontrollutvalgets saksdokumenter med mindre regler om unntak fra offentlighet/ taushetsplikt tilsier annet.

4. Dersom et spørsmål ikke kan besvares uten å røpe opplysninger undergitt lovbestemt taushetsplikt, bør den innkalte gjøre kontrollutvalget oppmerksom på dette. Den innkalte kan anmode kontrollutvalget om å få avgis forklaring helt eller delvis for lukkede dører. Dersom det fremsettes slik anmodning, skal kontrollutvalget avbryte høringen, og behandle spørsmålet i lukket møte.

5. Den innkalte skal ha adgang til å medbringe en bisitter. Den innkalte har rett til å konferere med sin bisitter før svar avgis. Dersom møteleder gir adgang til dette, kan bisitteren supplere forklaringen. Dersom bisitter krever honorar må dekning av disse utgiftene avklares på forhånd.

§ 4. Gjennomføringen av høringen

1. Kontrollutvalgets leder skal innledningsvis orientere om temaet for høringen og de prosedyrer som gjelder. Lederen påser at spørsmålene holder seg innenfor det tema som er angitt, og at den innkaltes rettssikkerhet ivaretas.

2. Før kontrollutvalget starter sin utspørring, skal den innkalte gis inntil 10 minutter til å gi sin versjon av saken. Lederen kan utvide den innkaltes taletid i den grad det anses nødvendig for sakens opplysning.

3. Høringen innledes med at valgt hovedutspørrer stiller sine spørsmål. Deretter får kontrollutvalgets øvrige medlemmer ordet til spørsmål i den rekkefølge de ber om dette. Etter at utspørringen er over, skal den innkalte gis mulighet til å gi en kort sluttkommentar.

4. Meningsutveksling mellom kontrollutvalgets medlemmer skal ikke finne sted under høringen. Medlemmene skal heller ikke kommentere de svar som avgis, annet enn der dette inngår som en naturlig del av et oppfølgingsspørsmål. Upassende eller fornærmelig atferd eller spørsmål er ikke tillatt. Dette skal påtales av møteleder.

5. Et medlem av kontrollutvalget kan kreve at høringen avbrytes for at kontrollutvalget skal behandle den videre fremdrift, herunder forslag om at høringen skal avsluttes eller fortsette for lukkede dører. Kontrollutvalget kan bare motta taushetspliktbelagte opplysninger for lukkede dører. Under en åpen høring må kontrollutvalgets medlemmer ikke gjengi eller vise til opplysninger underlagt lov- eller instruksfestet taushetsplikt.

§ 5: Etterarbeid

1. Kontrollutvalget skal utarbeide rapport fra høringen. Rådmannen skal gis anledning til å uttale seg til rapporten, jf. koml § 77 nr. 6. Rådmannens uttalelse skal ligge ved rapporten.

2. Rapporten oversendes kommunestyret for sluttbehandling, med innstilling fra kontrollutvalget.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 25.08.2014	Saksnr 025/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 14/180
---	-------------------------------------	-------------------------------

Høyringar i kontrollutvalet

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.08.2014	FKT Veileder for høring i kontrollutvalget - endelig versjon	298

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

1. SEKOM-sekretariat utarbeider framlegg til reglement for høring i kontrollutval.
2. Rettleiar for høyringar frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT) vert lagt til grunn.

Handsaming i Naustdal kontrollutval 25.08.2014:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

NAU-025/14 Vedtak:

1. SEKOM-sekretariat utarbeider framlegg til reglement for høring i kontrollutval.
2. Rettleiar for høyringar frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT) vert lagt til grunn.

...

...

Saksutgreiing:

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) har utarbeidd framlegg til rettleiar for bruk av høring i kontrollutval. Som vedlegg til rettleiaren, ligg framlegg til reglement. Klipp frå pkt 8 og 9 i rettleiaren (side 20 og 21):

8 Reglement for høringer

Det er ikke utarbeidet noen sentrale retningslinjer for høringer i kommuner. Men både kontrollutvalgets mandat og Stortingets reglement for høringer kan gi veiledning. Dersom kontrollutvalget mener at man i en gitt situasjon kan tenke seg å bruke høring som et verktøy, bør det utarbeides et reglement for høringer.

Kontrollutvalget er underlagt kommunestyret, og reglementet bør derfor vedtas her, bl.a. for å legitimere kontrollutvalgets bruk av virkemiddelet og til at det internt i kommunen blir kjent at dette virkemiddelet kan benyttes. Et godt råd er å ta seg god tid og utarbeide slike retningslinjer i en periode der høringer ikke er aktuelt. Det kan fort bli mye på en gang dersom man skal utarbeide slike retningslinjer samtidig som man setter i gang en prosess med å gjennomføre en høring.

Reglementet bør inneholde litt om forberedelser som skal gjøres, hvem som har plikt til å møte (dvs. fra administrasjonen dersom kommunen drives etter formannskapsmodellen og fra politisk nivå dersom man har et parlamentarisk styresystem), hvilke rettigheter den som møter har, praktisk gjennomføring, utspørring osv. Et forslag til reglement for høringer i kontrollutvalget ligger ved.

9 Noen råd til slutt

Høringer kan være ressurskrevende, og betinger at medlemmene er godt forberedt. Det er viktig å ha klarhet i og holde fokus på kontroll- og tilsynsaspektet ved saken og ikke falle for fristelsen å gå inn på utenforliggende forhold. Man bør unngå å gi uttrykk for personlige oppfatninger om saksforholdet på et for tidlig stadium, eller å trekke konklusjoner før all informasjon man trenger er innhentet – diskusjonen legges til en separat del av møtet.

For å få en vellykket høring er det viktig å bygge tillit hos dem skal høres. Kontrollutvalget bør derfor satse på størst mulig åpenhet og klarhet rundt intensjoner og forutsetninger med høringen og hvordan denne er tenkt gjennomført.

De som innkalles må behandles med respekt, og det bør tas tilbørlig hensyn til at en høring kan oppleves som belastende for den enkelte. God møteskikk og folkeskikk er like viktig her som ellers. Skap en atmosfære av tillit og trygghet, der alle involverte føler at de blir behandlet på en skikkelig måte og får si det de føler for å si.

Dersom høring skal nyttast på eit eller anna tidspunkt i framtida, bør det vere vedtekne retningslinjer for gjennomføringa. Som rettleiaren påpeikar, bør desse utarbeidast før det er konkrete planar om høyring.

Sekretariatet rår til at reglementet bygger på framlegget i rettleiaren frå FKT og at det kan leggest fram ei konkret sak om reglement på neste møte i kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 035/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-151, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 14/271
---	-------------------------------------	-------------------------------

Budsjett for drift av kontrollutval

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Brev om budsjett for drift av kontrollutval datert 28.10.14, vert teke til orientering.

...

Saksutgreiing:

Etter Forskrift om kontrollutval § 18, skal kontrollutvalet kome med framlegg til budsjett for drift av kontrollutval. For å rekke budsjetthandsaminga i kommunen, skulle dette difor vore med på møtet den 25. august. Sekretariatet beklagar at saka ikkje var på saklista til det møtet.

Sidan møtet no kjem for seint til å vere premissleverandør til budsjettframlegget, har sekretariatet sendt brev om budsjettframlegg til Naustdal kommune. Vi har orientert leiaren i kontrollutvalet om framgangsmåten.

Gjennomgang av tidlegare budsjettsaker tyder på at det har vore lite endring i budsjettframlegget frå år til år. Sekretariatet sitt brev til kommunen, bygde på budsjettframlegget for 2014 med tillegg i tråd med auken i satsar for godtgjersle til folkevalde.

Etter den publiserte møtekalenderen, har Naustdal kommunestyre sitt budsjettmøte den 11. desember.

Nedanfor, finn de innhaldet i brevet frå SEKOM sekretariat til Naustdal kommune. Sekretariatet rår til at kontrollutvalet formelt tek brevet til orientering.

Naustdal kommune

Dato: 28.10.2014
Vår referanse: 14/607
Arkiv: FE-151, Komnr-1433

Budsjett for drift av kontrollutval

Etter Forskrift om kontrollutval § 18, skal kontrollutvalet kome med framlegg til budsjett for drift av kontrollutval. Diverre har ikkje dette vore handsama i utvalet og neste møte er først den 12. desember.

Sekretariatet si tilråding er at ein tek utgangspunkt i førre års budsjett med auke i samsvar med endring i godtgjersle for Stortingsrepresentantar. Sekretariatet si tilråding om budsjett 2015 er dermed:

Konto	Tekst	B2014 KU	B2015
10800	Godtgjersle folkevalde	100 000	104 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	11 000	11 000
11500	Opplæring/kurs/seminar	20 000	20 000
11600	Skyss- og diettgodtgjersle	1 500	1 500
11651	Telefon, leiar	1 200	1 200
11959	Kontingentar	2 000	2 000
	Netto	135 700	139 700

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418
ah@sekom.no

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saknr 036/14
---	-------------------------------	------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 14/187
---	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 4 - 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følge opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
Kontrollutvals-arbeid – tiltak (06/09)	13.02.09	13.02.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrappr frå fylkesmannen. - Kvalitetsrapportar tilsyn med revisor. - Orientering frå revisor.
Rekneskap og sluttrapport investerings-prosjekt og status investeringsprosjekt under arbeid (025/10) Undersøking – investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune – Tinging (036/12)		12.05.10 Vedtak KU: - KU ber om status over pågåande inv.prosjekt. -KU ber om at rekneskap og sluttrapport vert lagt fram for investeringsprosjekt som er avslutta. 27.05.10 s. brev til Naustdal kommune. Ikkje motteke svar 27.03.12 Sendt nytt brev frå KU til Naustdal kommune, Ikkje motteke svar. Sjå sak 36/12 20.11.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar ei undersøking frå KRYSS-revisjon der det blir bedt om at det vert utarbeida ei oversikt over rekneskap og sluttrapportar for investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune. 20.11.12 Tinging sendt til KRYSS-revisjon. 21.5.14 Årsrekneskapen 2013 (Frå uttale) Det har ikkje vore lagt fram prosjektrekneskap for kontrollutvalet i 2013 slik reglementet til Naustdal kommune

		krev, sjå omtala under atterhald i revisjonsmeldinga. Kontrollutvalet har sidan 2010 etterlyst prosjektrekneskap for ferdigstilte byggeprosjekt, og administrasjonen må legge dette fram i 2014.
Luftkampmuseet (39/10)	03.11.10	039/10 Eventuelt: 04.11.10 Brev til rådmann med innkalling til orientering om følgjande saker: - Oppvekst og kultur i Naustdal kommune. Luftkampmuseet – Er drift av Luftkampmuseet i tråd med kommunestyrevedtak og vedtekter? KU-sak 23/14 den 25.8.14: Luftkampmuseet – orientering: Gjennomgang ved rådmannen. Gjennomgangen vart teken til orientering.
Naustdal kommune sin eigarskap i selskap	03.12.12	KU-sak 42/12, vedtak: Kommunen vil utarbeide eigarskapsstrategi og eigarmelding for kommunalt eigde selskap innan 1. mai 2013.
Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Naustdal (03/14)	12.02.14	Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Naustdal for 2014 vert godkjent, med følgjande vidare datoar: 21. mai, 25. august og 12. desember.
Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring, Prosjektplan (16/14)	21.05.14	Vedtak: Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjekt – Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring, vert teken til orientering. Perioden vert avgrensa til å gjelde tidspunkt for ny organisering og fram til 1. mai 2014. 21.5.2014 sendt KRYSS-Revisjon. Leveringsfrist: November 2014 25.8.2014 Forvaltningsrevisor Charles Litsheim orienterte om framdrift. Leveringstid står fast.
Økonomiplan 2014 – 2017 – orientering (22/14)	25.8.14	Handsaming i Naustdal kontrollutval 25.08.2014: Utsendt 22.8.14: Presentasjon frå møte mellom Naustdal kommune og Fylkesmannen om økonomiplan. Gjennomgang ved rådmann Øyvind Bang-Olsen Vedtak (22/14): Gjennomgangen vart teken til orientering.
Breibandutbygging – orientering (24/14)	25.8.14	Handsaming i Naustdal kontrollutval 25.08.2014: Utsendt 22.8.14: Informasjon frå rådmannen om breibandutbygging. Gjennomgang ved rådmann Øyvind Bang-Olsen. Vedtak (24/14): Gjennomgangen vart teken til orientering.
25/14 Høyringar i kontrollutvalet	25.8.14	Vedtak: 1. SEKOM-sekretariat utarbeider framlegg til reglement for høyring i kontrollutval. 2. Rettleiar for høyringar frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT) vert lagt til grunn.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 037/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/235
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).